

# HAREID ROTARY KLUBB



Hareid Rotaryklubb

Månedsbrev august 2001

Årgang 37

Distrikt 2280

Møtedag:	Mandag kl 18.00
Møtestad:	Klubhuset til Hareid IL 6060 Hareid
President:	Johs .J. Hareide
Visepres.:	John Stennes
Sekretær:	Aage Nytun
Kasserar:	Oddvar Haugen
Past pres.:	Karl Johan Brandal
Styremedlem:	Elisabet Sundgot
Styremedlem:	Ingar Bigset
Leiar for Ungd.utv.:	Harald H. Rise
Ansv. Red.:	Elisabet Sundgot

## Fødselsdagar i September:

Anne Gry Eilertsen	02.09
John Jarle Holstad	12.09
Johs. J. Hareide	16.09
Oddvar Haugen	18.09
Dagfinn Vattøy	19.09
Roar Hareide	23.09
Ingar Bigset	25.09
Walter Øyv. Jenssen	26.09

## 100% frammøte i august:

Sigurd Bigset, Sverre Bjåstad,  
Svein Johs. Flø Johs. J. Hareide,  
Hans Gisle Holstad, Jan Håvard  
Nytun, Åge Nytun, Elisabet  
Sundgot, Einar Arne Riise, Elias  
Sellevoll, John Stennes, Ivar  
Grimstad, Arne Holstad, Jarle  
Klungsøy, Gunnar Riise

## DEN ANSAME

Han har ikkje stund til åstogge  
Og ikkje tid til åsjå  
Mennesker som han møter,  
Dei ansar han aldri på

Mangt har han årekke over,  
Det gjeld um åfara fort,  
Mykje var det ågjera.  
Det auka dess meir han fekk gjort

Sålid han til endes pådagen.  
Han står der, studd over stav  
Og spør: kva livet har gjeve  
Og kvar er det vorte av?

Slik jaga han gjennom livet  
Utan åfådet fatt.  
Ei glede sprang etter påvegen  
Men nådde han aldri att.

Jan-Magnus Bruheim

## **Rotary-møte 06.08.01.**

Presidenten ønska velkomen og vi åpna med sangen "Brøyte seg rydning". Det var vaffler til kaffien fordi "noko attå" var blitt forsømt på siste møtet i juli.

John Stennes skulle ha dagens program, men først var det gjennomgang av syftemåa. Det veksla mellom presidenten og dei enkelte leiarane av komiteane til å presentere syftemåa.

Etter gjennomgang av dei forskjellige komiteane og deira planar framover hadde John Stennes eit innlegg om sin ferietur til Bulgaria. Han viste mange flotte slides frå land og folkeliv der. Kjekt å sjå og høye.

## **Rotary-møte 13.08.01.**

Ragnhild Bjåstad vart spesielt ønska velkommen, i tillegg til Ivar Grimstad som var dagens kåsør.

Sverre Bjåstad presenterte Ragnhild Bjåstad som er vår nye innen ungdomsutveksling.  
Kort presentasjon av Ragnhild:

Ho har vokse opp på Bjåstad. Karen Turid og Eivind Bjåstad er foreldra. Ho har gått musikk, dans, drama på Fagerlia Videregående skole. Tida har gått mest til dans siste året.

Ho er litt eldre enn vanleg for ungdomsutveksling, fylt 19 år. Ho hadde derfor færre land å velge mellom. Få land som tek imot dei som har fylt 19 år. Ragnhild skal til Japan, til byen Toyota, 341.000 innbyggjarar, varmt klima.

Ho skal gå påskule der, og all undervisning foregår på japansk. Ho har fått kontakt med si første familie som består av 3 søstre + foreldre + bestemor. Ho skal bu med 3 – 4 familiar under opphaldet i Japan.

Sverre gav henne råd om å stå på med språket. Ønska henne lykke til og sa at vi i Hareid Rotary Klubb ser fram til å høre frå henne.

### **Ivar Grimstad dagens kåsør.**

#### **Han kåserte over emnet "Edvard Drabløs i profil".**

Han starta heilt tilbake i 1937 då drengen på Grimstadbakkane fekk sjålevande teater for første gong i sitt liv. Det var to stykke som vart framført. "Friaren" + "Testamentet".

Edvard Drabløs spela hovudrolla i begge stykka. Alt ved dette første møtet vart kåsøren gripen av personen Edvard Drabløs, og måten han spelte rollene på. Som han sa det sjølv. "Drengen på Bakkane fekk eit uforgløymeleg møte med kunsten. Han var gjenomskaka av det han hadde opplevd, sat i kroppen i mange år."

Seinare møtte han Edvard Drabløs i mange stykke. Edvard Drabløs spelte rollene sterkt. For eksempel: Som kaptein på det forliste skipet i "Thunder Rock", og som presten i Ibsens Per Gynt. I rolla som prest levandegjorde han hyllinga av småbonden i Gudbrandsdalen. Det kunne likegoda ha vore ein hyllest til I.G. sine sambygdingar, småbøndene. Scena verka veldig sterkt. Kanskje var det minna, leseboka kombinert med tankane på "Rekkepeter".

Karakteristisk for Drabløs var at han sette gruvlarane høgt, og dei som streid med menneskelege spørsmål.

Drabløs var kunstnar først og fremst på scene, men hadde god greie på økonomi. Tre gonger heldt teateret på ågåkonkurs, og Drabløs tok påseg å styre teateret gjennom vanskane.

Oppsummert: "De økte det livet de kom fra" - slik kunstner var Edvard Drabløs.

Vi takka Ivar Grimstad for eit djupt, gripande og personleg foredrag om ein stor kunstnar.

## **Rotary-møte 20.08.01.**

Møtet var programfritt, bytta dag fordi neste møte er guvernørbesøk.

Presidenten orienterte litt om guvernørbesøket som skal haldast på Ishavsmuseet i Brandal.

Jan Håvard Nytun orienterte om turen til Muldalen og Zakariasdammen.

Påmeldingsskjema er sendt rundt.

Resten av møtet var det kaffi, kaker og sosialt prat.

## **Rotary møte 27.08.01**

### **Guvernørbesøk.**

Møtet vart holdt på Ishavsmuseet i Brandal og påmenyen stod selkjøtgryte. Vi var ein stor flokk sessa rundt borda på Ishavsmuseet, rotaryanarar med sine makar.

Presidenten ønska velkommen og eit spesielt velkommen til guvernør Asbjørn Øye og kona Gerd. Assisterande guvernør for Søre Sunnmøre, Steinar Åheim (Herøy Rotary) vart også ønska spesielt velkommen.

Etter songen ”Jeg har båret lerkens vinge” var det klart for åforsyne seg fråden store selkjøtgryta.

Sissel Rise var der og underholdt med vakker song.

### **Referat frå Guvernør Asbjørn Øye sin tale:**

Han takka for velkomsten til Hareid. Deretter gikk han kort og raskt gjennom Rotary si historie frå den spede start 23. februar 1905, til dagens situasjon med Rotary klubbar i 156 land, med 30000 klubbar og 1.4 mill. rotarianarar.

Årets verdenspresident, Richard D. King har sagt: ”Mankind is our Business” – menneskelighet er vårt ansvar.

Såstilte guvernøren spørsmålet: ”Kva vil eg med mitt medlemskap i Rotary? Berre for eigen hygge, eller vil eg bruke det for å hjelpe andre?”

### **Rotary lokalt:**

Klubbane er basis for heile Rotary sitt arbeid. Viktig at klubbanne ikkje stagnerer. Hadde ein teke bort veksten i aust, så hadde det vore tilbakegang for Rotary. Derfor er det eit viktig mål for komande år å rekruttere nye medlemmer – minst 5 i løpet av året i kvar klubb.

Her gav han ros til Hareid Rotary sitt systematiske oppsett over arbeid og mål for komande år.

Guvernøren likte godt oversikta han hadde fått frå Hareid Rotary, og ville bruke denne som eit godt eksempel til andre klubbar.

Rekruttering av kvinner er viktig då 50% av verdas befolkning er kvinner, og berre 3,6% av Rotary medlemane er kvinner.

Aktiv holdning til rekruttering er avgjерande. Det kan no vere 5 av kvar profesjon, så profesjon skulle ikkje lenger vere eit hinder for nyrekruttering.

### **Oppsummering ang. rekruttering:**

Anbefalte å få med unge medlemmer. La dei bli tatt med og aktivisert, - begge kjønn.

”Ledande personar” – Ein ledande person treng ikkje vere toppledar. Kan vere avdelingsledar og lignende. Vi må aldri tolke regelverket snevert når vi skal rekruttere nye medlemmer.

Han kom så inn på at det er viktig at Rotary viser lokalt samfunnsengasjement. Samfunnstjeneste er viktig.

Støtte til undgomsarbeidet, bl.a. arbeid mot rus.

Viktig at Rotary står påfor å få mediadekning når dei gjer noko positivt. Vi må bli flinkare å formidle kva Rotary står for.

**Rotary og det internasjonale samfunn.**

Verda har stort behov for hjelp frå gode krefter. Rotary driv bl.a. med innsamling av gamle briller og sender til India.

Rotary foundation er eit fond som blir styrt av Rotary, men som står påegne bein.  
Rotary World Wide har samla inn 5,5 mill. N.kr. til hjelp for menneske i vanskar.

Han nemnde spesielt nokre kort som Rotary skal selje til inntekt for Handi Camp. Ein leir for sterkt fysisk utviklingshemma. Mange har reservert seg mot desse korta. Leiren blir betalt av inntekta frå kortsalet. Det gode bør mane til ettertanke.

I alle samanhengar er det viktig at rotatymedlemmer har høge etiske yrkeskrav.  
Tenkjer på kva som gagnar andre.

**Presidenten avslutta med verdenspresidenten sine ord om at: "Mankind is our business" og ønska Hareid Rotary Klubb lykke til med det vidare arbeidet.**

Etter endåein song fr Sissel Rise fekk ordførar Gunn Berit Gjerde ordet. Ho fortalte våre gjester kort om Hareid kommune, næringsliv og kultur. Guvernøren fekk overrekt Hareid kommune sin vimpel.

Sissel Rise vart takka for den vakre songen og fekk ein gave-CD til takk. Presidenten takka guvernøren med frue for eit hyggelig besøk. Møtet vart avslutta med alsong.